

Fra: Tone Nervold Midtbø[]
Sendt: 19.03.2025 11:33:00
Til: Kim Remi Bergskås; Egil Birkrem; Tor Gunvaldjord[kim.remi.bergskas@seljord.kommune.no; egil.birkrem@seljord.kommune.no; tor.gunvaldjord@vinje.kommune.no]
Kopi: Åge Verpe[aage.verpe@vinje.kommune.no];
Tittel: Vegen mellom Haugtjønn og Gjevarvatn

Hei

Sender ei kort oppsummering frå Teams-møte i dag 19.3.2025 kl. 0830-0900 om vegen til Gjevarvatn.

Tilstades: Egil Birkrem og Kim Remi Bergskås frå Seljord kommune, Tor Gunvaldjord og Tone N. Midtbø frå Vinje kommune

Oppsummering frå møte:

Drift/vedlikehald av vegen.

- Jamfør avtale frå 1982 har Seljord kommune ansvaret for drift og vedlikehald av vegen til Gjevarvatn. Vinje kommune betalar 60 % av vedlikehaldsutgiftene på vegen etter krav og rekneskapsoversikt frå Seljord kommune. Seljord kommune har ikkje sendt krav eller fakturert Vinje kommune dei siste åra men vil gjera dette framover. Vinje kommune vil ikkje tilbakebetale for dei åra Seljord kommune ikkje har sendt krav til Vinje kommune om betaling.

Investering

Vinje kommune har eit vedtak frå kommunestyret 17.12.2024: *Kommunestyret ynskjer ei sak om ei større oppgradering av vegen til Gjevarvatn i Øyfjell. Vinje kommune og Seljord kommune gjeng i dialog ang dette.*

Det ligg eit massetak i Hyttedalsvegen (i Vinje kommune) som blir ramma av telerestriksjonar kvar vår då dei ikkje kan køyre/levere ut masse i telerestriksjonsperioden som normalt strekker seg frå ca. 1. april til 17. mai.

Det er truleg ikkje aktuelt for Seljord kommune med større investeringar på vegen no. Vinje kommune må vurdere investeringar sjølve.

Med helsing

Tone N. Midtbø

Avd.ing VVA

📞 99 57 55 36

✉ tone.midtbo@vinje.kommune.no



A V T A L E

mellom Seljord Kommune

og Vinje Kommune

vedrørende kommunal veg Haugtjønn-Gjevarvatn.

1. I samsvar med kommunestyrevedtak 129/81 i Seljord og 205/81 i Vinje, er nemnde veg overteken som kommunal frå 1.januar 1982.
2. Vegstrekninga innan Seljord er 700 meter, innan Vinje 1050 meter. Vedlikehaldsutgiftene fordelast i høve til veglengd, dvs. at Seljord dekker 40 %, Vinje 60 %.

Kostnadene med vedlikehald og opprusting skal ligge innafor det som er vanleg for slike vegar i dei 2 kommunane.
3. Det er føresett at grunneigarane langsmed vegen gjev fri veggrunn i ei breidd av inntil 1 meter utanfor skjeringsstopp og fyllingsfot. Seljord ordnar med dette, og føretekk oppmerking.
4. Seljord har ansvaret for vedlikehaldsarbeidet for heile vegstrekninga, og fører reknskap for dette.

Seljord fremjar budsjettforslag til Vinje innan 1.oktober kvart år. Vinje refunderar sin prosentvisse del av utgiftene etter årleg reknskap frå Seljord.

Seljord/Vinje, den

1982.